

Avtalevilkår for «Spotpris med pristak» frå Wattn

Generelt

Avtalen er mellom deg som kunde (kunden, du) og Wattn AS (Wattn, vi), FNR 925638153 som kraftleverandør. Avtalen kan berre tingast av privatpersonar.

For denne avtalen gjeld [Standard kraftleveringsavtale](#) av 01.01.2017, utarbeida av Forbrukertilsynet og bransjeorganisasjonen Energi Norge. I tillegg gjeld følgande avtalevilkår:

Produkt

«Spotpris med pristak» frå Wattn er ein avtale der kraftprisen følgjer marknadsprisane (spotprisane) time for time på kraftbørsen Nord Pool i det området der krafta vert levert og gjelder for privatpersoner. Avtalen har et pristak midlet gjennom en måned. Det betyr at dersom spotpris inkludert påslag overstiger avtalt pristak, er det pristaket som er gjeldende kraftpris. Dersom spotpris inkludert påslag er lavere enn avtalet pristak, vil det være den spotpris med påslag som gjelder.

Avtalen kan ikke bestilles av juridiske personer med organisasjonsnummer.

Bestilling

Ved bestilling gir du oss fullmakt til:

- Å sette i verk og melde inn leverandørbyte til nettselskapet
- Å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigar for å gjennomføre leverandørbyte
- Å melde ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting
- For profilmålte anlegg må målaren vere avlest til netteigar i løpet av dei siste 12 månader.

Vi kan kredittvurdere alle kundar og kan avslå/avslutte ein leveranse eller kreve garanti/forskotsbetaling dersomdet ligg føre sakleg grunn til det.

Kundeinformasjon og kommunikasjon

I Wattn sin kundeapp og «Mi side» på www.wattn.no, finn du informasjon om avtalen og produktet ditt. Vi har lagt til rette for at det meste av kundekommunikasjonen kan gjerast digitalt. Det føreset at du som kunde oppdaterer oss med til ei kvar tid gjeldande e-postadresse og mobiltelefonnummer. Dette gjer du enkelt i kundeapp eller på «Mi side».

Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt, i samsvar med Wattn sine retningslinjer for personvern.

Varsling om pris- og avtaleendringar skjer via e-post eller sms. Du vil også kunne få nyheitsbrev og anna informasjon om aktuelle nyheiter og tilbud frå Wattn og våre samarbeidspartar på digitale media, som e-post, sms og liknande.

Levering

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Leveranse startar opp etter at angrefristen har gått ut (14 dagar), dersom ikkje anna er avtalt. Du kan avtale tidlegare oppstart.

Leverandørbyte

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Leveranse startar opp etter at angrefristen har gått ut (14 dagar), dersom ikkje anna er avtalt. Har du gjort avtale om tidlegare oppstart tek det 1 – 6 dagar før leveransen tek til.

Kundebyte/anleggsovertaking – flytting til ny adresse

Ved innflytting til ny adresse/anleggsovertaking startar leveransen frå den dato innflytting/overtaking skjer. Dette kan vere fram i tid, eller inntil 3 år tilbake i tid.

Dersom innflytting/anleggsovertaking gjeld tilbake i tid sender vi melding om oppstart av kraftleveranse til Elhub med dato for kundebyte maksimalt tilbake til dagen etter førre innflytting/leverandørskifte, eller

maksimalt 3 år tilbake i tid.

Dersom dato er til med 30 arbeidsdagar tilbake i tid, så vil Wattn starte leveransen frå den dato kundebyttet skjedde.

Dersom det er lengre enn 30 arbeidsdagar tilbake i tid vil sluttbrukar bli lagt på leveringsplikt frå oppstartsdato. I slike tilfelle vil vi gjere eit leverandørbytte på venleg måte som forklart over.

Ved å be om oppstart av kraftleveranse tilbake i tid for så å seinare nytte seg av angreretten, aksepterer kunden å betale for leveranse av kraft frå oppstart og fram til avtalen vert avslutta.

Betaling

Avtalen omfattar kunden sitt forbruk og produksjon av elektrisk kraft. Kunden betalar spotpris med eit avtalt påslag per kWh ogeit fastbeløp per måned. Påslaget inkluderer kostnader for lovpålagte Elsertifikat. For produksjon mottar kunden timeprise for timen produksjonen skjer.

For timemålte anlegg vert forbruket/produksjon avrekna time for time mot spotprisen henta frå Nord Pool i det prisområdet anlegget tilhøyrrer. For standmålte anlegg vert forbruket/produksjon timefordelt og avrekna i tråd med verdiar frå Elhub. Wattn fakturerer etterskotsvis månedleg.

For kundar som ikkje opprettar avtale om elektronisk faktura, vil det bli lagt til eit gebyr for produksjon og utsending av papirfaktura. Oppdaterte prisar finn du på www.wattn.no.

Alle prisar frå Wattn vert gitt inklusiv meirverdiavgift.

Prisendring

Wattn kan gjere endringar i påslag og fastledd med 30 dagar varsel som følge av endringar i marknadstilhøva eller endringar i konsumprisindeksen. Dette gjelder også for eventuelle påslag/pris knyttet til produksjon.

Det omfattar også prisjusteringar grunna auka kostnader knytt til oppdekking av elsertifikat, jf.

www.nve.no/elsertifikat. Prisendringar blir varsla direkte til deg på e-post, sms eller annan eigna måte.

Pristaket er er bundet i hele avtaleperioden.

Gjennomfakturering

I nettområde der Wattn har avtale med det lokale nettselskapet (netteigaren) om gjennomfakturering, vil Wattn fakturere - og eventuelt kreditere - nettleige på vegne av netteigaren. Ved bestilling av denne kraftavtalen gir kunden Wattn fullmakt til å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigaren for å gjennomfakturere nettleige. Avtale om gjennomfakturering påverkar elles ikkje kunden sin tilknytningsavtale med netteigaren (Nettleigeavtalen). Usemje eller spørsmål knytt til nettleiga må derfor takast opp direkte med det lokale nettselskapet.

Gjennomfakturering kan føre til endra intervall og forfallsdato på faktura. Om gjennomfakturering av ulike årsaker ikkje kan gjennomførast, vil nettleiga bli fakturert direkte frå det lokale nettselskapet.

Ved oppseiing av denne kraftavtalen, vert også gjennomfakturering av nettleige avslutta.

Angrerett

Privatkundar har angrerett i 14 dagar frå inngåing av avtalen, jf. § 1-4 i Standard kraftleveringsavtale og Angrerettlova. For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen før angrefristen går ut. Bruk av angreretten vil til vanleg medføre at leveransen blir kansellert frå dato for oppstart. Ved bruk av angreretten i samband med leverandørbytte blir melding om kansellering sendt til tidlegare leverandør via Elhub. Wattn er ikkje ansvarleg for behandling av kanselleringa hos tidlegare leverandør. Leveransen av kraft kan ta til før angrefristen er ute dersom du uttrykkeleg har bedt oss om det. Dersom leveransen ikkje kan kansellerast frå oppstartsdato må du betale for kraft som er levert av Wattn fram til leveransen tidlegast kan bli avslutta.

Fornyng og opphør

Ved utløp av avtaleperioden blir ditt målepunkt overført til avtalen Spotpris.

Seinast 30 dagar før avtalen går ut sender vi varsel med informasjon om dette. I varselet får du oppgitt påslag og fastbeløp for Spotpris frå Wattn på tidspunktet for overføring til ny avtale. Varselet vert gitt direkte til deg på e-post, SMS eller brev, jf. Standard kraftleveranseavtale § 5-3.

Oppseiing

Avtalen har ikkje bindingstid. Ved leverandørbyte frå kunden si side, følger oppseiinga vanlege tidsfristar i kraftmarknaden. Ved oppseiing frå Wattn si side, vil kraftavtalen bli ført attende til netteigar på leveringsplikt. Ved flytting kan avtalen følge deg til ny adresse.

Endring av avtalevilkår

Desse avtalevilkåra er sist oppdatert 01.09.23. Avtalevilkåra kan endrast med 30 dagars varsel. Varsling om endring vert gitt på e-post, sms eller annan eigna måte.